

SAK 10/20 NASJONAL TRANSPORTPLAN 2022 – 2033, INNSPEL TIL VIKEN FYLKESKOMMUNE, PRIORITERINGER

1 SAKSOPPLYSNING

Fylkeskommunane er invitert til å gi innspel til samferdselsdepartementet (SD) om prioritering i NTP 2022-33 (vedlegg 2). I mai 2019 ga Viken fellesnemda innspel til SD på dei største utfordringane i Viken (vedlegg 3).

I brev dat. 16.12.2029 (vedlegg 1) ber Buskerud fylkeskommune om innspel til Viken fylkeskommune, på statlege transportløysingar som kan bidra til fylkeskommunen og kommunane sin felles innsats for å:

- *Fremme en miljø- og klimavennlig utvikling med lavt forbruk av ressurser*
- *Ivareta bosetting, næringsutvikling og bærekraftige distrikter*
- *Realisere målsettinger om by- og tettstedsutvikling med reduserte behov for transport*



Basert på dei største utfordringane i Viken er kommunar og regionale aktørar invitert til å koma med forslag til prioritering av følgjande:

- 1) *Konkrete prosjekter, tiltak og satsingsområder de første 6 årene i perioden hvor:*
 - a) *Forslag til løsninger blir fremstilt i prioritert rekkefølge.*
 - b) *Løsningene er knyttet til de identifiserte utfordringene i Viken (se vedlegg). Sammenhengen mellom utfordringer og forslag til løsninger er godt beskrevet.*
 - c) *Kommunen beskriver i hvilken utstrekning de selv prioriterer å gjennomføre løsninger på områder hvor de selv har et ansvar, og som støtter opp under forslag til statlige løsning.*
- 2) *Langsiktige satsingsområder for Viken:*
 - a) *Forslag til langsiktig satsingsområder på de fem transportkorridorene som berøre Viken.*
 - b) *En høy andel av trafikken på riksveier og jernbaner i Viken er lokaltrafikk som også en del av det samlet transportsystem rundt Oslo. Fylkeskommunen ønsker innspill på langsiktig utvikling av helheten i transportsystemet gjennom Viken.*

Frist for innspel til Viken fylkeskommune er 2.mars 2020.

Nasjonal transportplan (NTP) er det store verktøyet for langsiktig prioritering og samferdselssatsing. Den formelle planperioden er no utvida frå 10 til 12 år, og det er lagt eit perspektiv mot 2050. NTP 2018 – 2029 vart handsama i [Stortinget 19.6.2017](#), med bakgrunn i [innstilling frå transport- og kommunikasjonskomiteen](#) om Nasjonal transportplan 2018–2029 12. juni 2017.

Prosess med Nasjonal Transportplan er no ein del endra frå tidlegare, der transportetatane kom med eit omfattande grunnlagsdokument til NTP, med sine forslag til prioriteringar. Med bakgrunn i grunnlagsdokumentet som var ute på høyring utarbeida regjeringa stortingsmelding i høve til NTP.

Arbeidet med NTP er no i større grad ein politisk prosess der SD har teke ein ny og tydelegare rolle i NTP-arbeidet. SD har oppretta ei politisk kontaktgruppe for å sikre god dialog med regional og lokal forvaltning. Kontaktgruppa består av politisk nivå i fylkeskommunane, KS, dei største bykommunane og Sametinget. Kontaktgruppa er politisk leia av Samferdselsdepartementet.

SD vil utarbeide ein meir strategisk og overordna Nasjonal transportplan, der det blir lagt vekt på samfunnsøkonomisk lønsemd og måloppnåing. I ei overordna og langsiktig planlegging er det lagt til grunn at dei viktigaste utfordringane blir handtert fyrst. For dei siste seks åra i planperioden ynskjer SD ikkje innspel på konkrete prosjekt og tiltak. SD har varsla at dei kjem til å vera meir tilbakehaldne enn tidlegare med å bestemme konkret tiltak som ligg langt fram i tid. Det er her ynskjeleg med innspel på langsiktige satsingsområder framfor ei liste av utbyggingsprosjekt. I fyrste seksårsperiode ber departementet om prioriteringa på konkrete prosjekt og tiltak, samtidig som at planen også for denne perioden blir lyfta til eit meir strategisk og overordna nivå. Det er svært mange prosjekt som allereie ligg inne i NTP 2018-29. Det er derfor lite handlingsrom for nye tiltak dei komande 10 åra, med mindre prosjekt blir teke ut for å gi plass til nye løysingar.

Transportetatane har i løpet av planprosessen fått fleire deloppdrag. Svara på deloppdraga vil samla utgjera etatane sine faglege innspel til stortingsmeldinga om NTP. I [brev frå SD 25.11.2019](#) har transportetatane fått i oppdrag å foreslå prioriteringar av all ressursbruk i perioden 2022-2033. Frist for levering av svar er 13. mars 2020.

SD har og invitert fylkeskommunane, dei største bykommunane og Sametinget til å koma med innspel til arbeidet.

Stortingsmeldinga om ny Nasjonal transportplan vert lagt fram i 2021.

2 VURDERING

2.1 Generelt

I forslag til innspel er det i fyrste rekke prøvd å sjå på større tiltak/prosjekt som bør ha stor interesse for Hallingdal og med det også for Viken. Det er utan tvil ei stor styrke, dersom Hallingdal kan stå samla om prioriteringane. Det er m.a. teke utgangspunkt i sak 11/17 i Hallingtinget, og samstemt uttale NTP 2018 – 2029, handlingsprogram til Statens vegvesen 2018-2023 (2029).

Med «styret» som aust –vest utgreiingar (2014 – 2016) førte med seg så mista Hallingdal mykje av si felles kraft og framdrift i forhold til vegprioriteringar. Med bakgrunn i regjeringa og Stortinget sine prioriteringar og vedtak NTP om funksjonsdeling Rv7 og Rv52, går dagleg leiar ut i frå at Hallingdal akseptera og støttar opp under dei prioriteringar og vedtak som er gjort. Som ei av dei siste sakene eg skriv som dagleg leiar, er eg frimodig nok til å koma med eit sterkt og velmeinande synspunkt; det vil vera direkte øydeleggjande, for å få gjennom større samferdselsprosjekt, dersom Hallingdal ikkje klarar å einast om prioriteringar. All historie syner at regionar som står samla, også Hallingdal, har mykje større mogelegheit til å nå fram i forhold til statlege satsingar. Regionar som ikkje er samde er lettare å nedprioritere. Stamvegstatus for Rv7 og Rv52 og seinare utbygging Ramsrudhellingane og Sokna – Ørgenvika kom ikkje av seg sjølv. Ei ny splitting i forhold til vegspørsmål er også øydeleggjande i forhold til det generelle regionale samarbeidet.

2.2 Veg

2.2.1 Generelt

Nå det gjeld veg er det rute 5b (Rv7 Hønefoss – Bu og Rv52 Gol- Borlaug) som blir spesielt omtala.


Rv7 og Rv52 er hovudvegar i Norge og hovudvegsamband mellom Austlandet og Vestlandet, med to sentrale fjellovergangar. Ruta (5b) har tilknytning til m.a. E16 med vidare samband til Oslo mot aust, og mot Bergensområdet i vest. I St.meld. St. 33 (2016 –



2017) Nasjonal transportplan 2018 – 2029 står det:

«Regjeringen vil prioritere E134 som en av hovedvegforbindelsene mellom Østlandet og Vestlandet. Som den andre hovedvegforbindelsen østvest legger regjeringen opp til en funksjonsdeling mellom rv 52 og rv 7. Rv 52 vil være hovedvegforbindelse for næringstrafikk mellom Østlandet og Vestlandet. Rv 7 vil være hovedvegforbindelse for reiseliv og persontrafikk.»

Vegane gjennom Hallingdal (Rv7, Rv52, Fv50) med utgangspunkt Rv7, hadde i 2019 55,6% av trafikken aust – vest, E134 hadde 31% og E16 hadde 13,4%.



Rv7 og Rv52 har to hovedføremål:

- Hovudvegar til/frå Hallingdal, der reiselivet sitt transportbehov i stor grad er med og legg føringar for utviklinga.
- Hovudvegar mellom aust og vest



Illustrasjon, to av hovudutfordringane

I forhold til større vegprosjekt er det valt å dele rute 5b inn i tre prioriterte hovuddelar:

- Vegpakke Hallingdal (Ørgenvika – Gol)
- Rv7 vest for Gol (Gol – Bu)
- Rv52 Gol – Borlaug

Dei viktigaste utfordringane på ruta (5b) knyter seg til:

- Trafikktryggleik
- Framkomst
- Generell vegstandard
- Vinterregularitet
- Hovudveg gjennom sentrum (Hemsedal)
- Konflikt med villrein på Hardangervidda
- Stor variasjon i trafikkmengde i helgane og på kvardagar på enkelte strekningar
- Stor del tungtrafikk på deler av ruta

Transport, distrikt, næringsliv

Hallingdal har på linje med dei fleste distrikt og regionar, behov for god kommunikasjon for å ha ei positiv utvikling. Hallingdal er og i ei særstilling som den største reiselivsregionen i landet, med ca. 5 – 6 mill. gjestedøgn. Ikkje for nokon annan region i landet har reiselivet så mykje å seia som for Hallingdal, med 33 % av sysselsetjinga som er reiselivsrelatert. Dette er m.a. godt dokumentert i m.a. TØI si ringverknadsanalyse, mars 2012.

Reiselivet i Hallingdal består i stor grad av turistar som skal til eitt bestemt mål (weekend trafikk, skituristar, kurs/konferansar og hyttefolk) her er reisetid og transportavstandar avgjerande faktorar. God kommunikasjon der reisetid og reisekomfort står sentralt er grunnleggjande for å oppretthalde dagens aktivitetsnivå og for vidareutvikling.

Dette kjem og klart til uttrykk i tidlegare Buskerud fylkeskommune sin regional delplan for reiselivet, der måla er:

- *Infrastrukturen i Buskerud skal sikre konkurransekraft på lik linje med sammenliknbare regioner og destinasjoner.*
- *Samferdselstilbudet skal utvikles på en miljømessig god måte og kundeperspektivet skal ivaretas*

Strategiske tiltak er m.a.:

- Vei og reisetid er en avgjørende konkurransefaktor for reiselivet. RV7/RV52 er viktigste veien for reiselivet i Øvre- Buskerud, og fortsatt fokus på forbedringer på denne er avgjørende. Det er avgjørende med vinteråpen RV7 over Hardangervidda
- Satse på utvikling av Bergensbanen/Ringeriksbanen og ekspressbusser mellom kommunikasjonsknutepunkt og destinasjonene

Betra vinterregularitet

Det er avgjerande å styrke vinterregulariteten både over Hardangervidda og Hemsedalsfjellet. Når det gjeld vinterregularitet er det Rv7 Hardangervidda som har dei desidert største utfordringane med midlertidig stenging pr. vinter, som regel fordelt over 20-30 dagar. Rv52 har til samanlikning 1-2 dagar. Når det gjeld kolonnekøyring er det opp mot 30 dagar på Rv7 og 10 -15 dagar på Rv52. **Sjekk nye tal**

2.2.2 Vegpakke Hallingdal (Ørgenvika – Gol)

Regionrådet for Hallingdal har i lang tid vore ein aktiv pådrivar for utvikling av vegsambanda som har tilknytning til Hallingdal. For å få realisert innkortinga Sokna – Ørgenvika på Rv7, var Regionrådet for Hallingdal og Buskerud fylkeskommune svært aktive partar. Det vart her etablert eit tre-part samarbeid mellom Statens vegvesen, Buskerud fylkeskommune og Regionrådet for Hallingdal, noko som synte seg å vera eit vellykka samarbeid.

I gjeldande NTP (2018 – 2029) vart ikkje Rv7 prioritert i nemneverdig grad, 300 mill. i perioden 2018 – 2021. I rutevis utgreiing til Statens vegvesen (2015) er det definert eit investeringsbehov på 9,1 mrd. på strekninga Hønefoss – Gol, fram mot 2050. Med ei investeringstakt på 300 mill. i kvar fire-års periode vil det ta over 100 år å realisere det som er dagens behov på deler av Rv7 (Hønefoss – Gol).

Regionrådet for Hallingdal ser det som svært positivt at Ramsrudhellingane og Sokna – Ørgenvika på Rv7 er ferdig utbygd. Men det vil vera halvgjort arbeid, dersom det no ikkje blir lagt til rette for ei vidare utvikling av Rv7 Hønefoss – Gol. Som det desidert mest trafikkerte aust-vest sambandet vil det i fyrste omgang vera rett å prioritere Ørgenvika – Gol, og då som eit prosjekt (Vegpakke Hallingdal). For å oppnå ein meir heilskapleg og høgare standard, bør lengre strekningar vurderast i samanheng, og utbetringane bør planleggast og utførast under eitt. Hallingdal har heile tida vore positive til å sjå på alternative løysingar for å få realisert viktige vegprosjekt. I samband med bygging av Sokna – Ørgenvika var det knappast ei stemme som var mot delvis bompengefinansiering.


I innstilling 16.8.2017 frå transport- og kommunikasjonskomiteen om Nasjonal transportplan 2018–2029 står det m.a.:

"Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Høyre, Fremskrittspartiet, Kristelig Folkeparti og Venstre, viser til at rv. 7 har fått en betydelig standardheving på noen strekninger, med ny vei vest for Hønefoss (Ramsrudhellingane), innkortinga Sokna–Ørgenvika og utbedring vest for Flå. Det gjenstår imidlertid flere partier med lav standard, som skaper store sprang i veistandard og som er ulykkesutsatte. Rv. 7 (Hønefoss–Gol) som det mest trafikkerte øst–vest-sambandet og vil, som en fremtidig hovedvei, trenge ytterligere utbedringer. For å oppnå en gjennomgående og høyere standard, vil lengre strekninger vurderes i sammenheng. Som første trinn er Ørgenvika–Gol (Vegpakke Hallingdal) prioritert, der det vil bli vurdert utbyggingsrekkefølge, alternative finansieringsløsninger og utbyggingsformer.»

«Komiteens medlemmer frå Arbeiderpartiet og Senterpartiet vil vise til behovet for planleggingsmidler for rv. 7 på strekningen Ørgenvika– Gol. Denne strekningen har behov for opprusting Ørgenvika–Svenkerud og ny vei Svenkerud– Gol. Både rv. 7 Hardangervidda som er valgt som hovedveg for personbil/turisttrafikk øst–vest, samt rv. 52 Hemsedalsfjellet som er valgt som hovedveg for tungbiltrafikk, er avhengig av opprustning/nybygg på rv. 7 Ørgenvika–Gol.»

Regionrådet for Hallingdal tok våren 2017 initiativ for å få i gang eit meir konkret arbeid med Vegpakke Hallingdal, som er definert som strekninga Ørgenvika – Gol. Målet var m.a. å vurdere alternative finansierings- og utbyggingsløyser for Vegpakke Hallingdal og gjera nødvendig avklaringar fram mot rullering av NTP. Med bakgrunn i tydelege politiske signal vart det helde nytt møte mellom Statens vegvesen, Buskerud fylkeskommune og Regionrådet for Hallingdal 27.9.2017. Her vart det bestemt at det skulle etablerast eit tre-part samarbeid mellom Statens vegvesen, Buskerud fylkeskommune og Regionrådet for Hallingdal, for å utarbeide nødvendig grunnlag, slik at Vegpakke Hallingdal kunne koma inn som aktuelt tiltak i samband med NTP 2022 – 2033. Statens vegvesen har i 2019 arbeidd med ei «møgleighetsstudie» der sluttresultatet ikkje er kjent.

Rv 7 (Hønefoss–Gol) som hovudvegen til Hallingdal frå aust og som det mest trafikkerte aust–vest-sambandet treng omfattande utbetringar. Det står at fleire parti med låg standard, som skaper store sprang i vegstandard og som er ulykkesutsette (jmf. også merkand frå transport- og kommunikasjonskomiteen 16.8.2017).



Trafikkutviklinga på Rv7 (Flå sør) har auka med nærare 37% frå 2007 til 2019. Ut frå nye transportanalyser vil ÅTD vera om lag 8000 i 2050. Det er og viktig å ha med seg at Rv7 har spesielle utfordringar i forhold til periodevis svært stor turisttrafikk med stor del tungtrafikk i dei same periodane. Og det kan ikkje vera stor tvil om at Rv7 innan rimeleg kort tid vil ha ÅDT over 6000. I vedlegg 4 er det laga ei samanlikning trafikk R7 Flå sør og E6 Otta sør for å synleggjera noko av problemstillinga. E6 Ringeby-Otta (56 km) er planlagt bygd som tofeltsveg med midtrekkverk og forbikøringsstrekningar (H1).

2.2.3 Rv7 vest for Gol (Gol – Bu)

I tillegg til utbetringstiltak er det for Rv7 vest for Gol fleire større prosjekt som må realiserast, m.a:

- Hagafoss - Geilo
- Rv7 Hardangervidda

Når det gjeld Rv7 Hardangervidda er problemstillingane ut frå to tilnærmingar:

- Regularitet, behov for vinteropen veg
- Villrein

Største utfordringa for Rv7 som aust – vest samband er vinterregulariteten over Hardangervidda, med midlertidig stenging pr. vinter, som regel fordelt over 20-30 dagar. Når det gjeld kolonnekøyring er det opp mot 30 dagar på Rv7. For at Rv7 over Hardangervidda skal bli ein reell vintersikker hovudveg vil det vera nødvendig med tiltak på Hardangervidda.

Konseptvalutgreiing Rv. 7 over Hardangervidda (okt. 2015) har vurdert følgjande alternativ:

- Nullkonseptet (K0)
- Utbedringskonseptet (K1)
- Konsept korte tunnelar (K2)
- Konsept lang tunnel (K3)

Statens vegvesen har anbefalt ein redusert variant av konsept K2, «Korte tunnelar», som er konseptet med lågast investeringskostnad blant konseptane med tilfredsstillande måloppnåing. Anbefalinga inneberer bygging av Dyranuttunnelen på ca. 6,25 km. Dyranuttunnelen aleine vil gje stor forbetring av forholda, både for villrein og vinterregularitet, men heving av vegen vil også slå positivt ut. På litt lengre sikt vil heile konsept K2 kunne realiserast, med etappevis utbygging av opptil fire andre tunnelar på Hardangervidda, vidare austover mot Haugastøl. Ut frå Stortinget sitt vedtak med Rv7 som hovudveg aust - vest, kan det ikkje vera tvil om at regulariteten Rv7 Hardangervidda må betrast vesentleg.

Buskerud fylkesting vedtok 18.12.2019 Regional plan for Hardangervidda 2019 - 2035 (rullering) datert 31.10.19. Her står det m.a. i forhold til Rv7: «Arbeidet med planlegging og bygging av miljøtunnelar og høyfjellsprofiler på strategiske stader på traséen skal videreføres.»

2.2.4 Rv52 Gol – Borlaug

I tillegg til utbetringstiltak er det for Rv52 Gol – Borlaug fleire større prosjekt som må realiserast:

- Gol – Robru
- Ny veg utanom sentrum i Trøim sentrum
- Hemsedalsfjellet

Stort sett har heile den ca. 8 km lange strekninga mellom Gol og Robru svært dårleg standard og er ein flaskehals. Det er nødvendig å bygge ny veg på denne strekninga både av omsyn til vegstandard og framføring, og av omsyn til utvikling av Gol sentrum.

Løysinga må sjåast i samanheng med ny veg på Rv7 strekninga Svenkerud- Gol.

Rv 52 går i dag gjennom Trøim sentrum. Rv 52 har ein svært høg del tungtransport, nærare 30% eller om lag 400 køyretøy pr. døgn. Ein høg andel tungtransport i periodar av døgnet, med eit sentrum med svært stor reiselivsaktivitet, er ei svært dårleg blanding. Både i forhold til fastbuande, trafikktryggleik, miljø og reiselivsnæringa er det heilt nødvendig at Rv52 blir lagt utanom Trøim sentrum, noko det og føreligg planar for og det er bandlagt areal.

2.2.5 Andre hovudvegar med stor betydning for Halingdal

E16, Sandvika - Skaret

E16 Sandvika – Skaret - Hønefoss er ein viktig vegparsell for Hallingdal.

E16 Sandvika–Skaret er delt inn i tre delstrekningar:

- Strekninga Wøyen–Bjørum er ferdig utbygd som firefelts motorveg og vart opna i 2009.
- Sandvika–Wøyen, firefelts motorveg vart opna i slutten av 2019.
- Bjørum–Skaret med bygging av 8,4 km ny firefelts motorveg er lyst ut (feb. 2020). Oppstart 2021 og ferdig innen utgangen av 2024.

E16 Skaret–Høgkastet

E16 skal på den 8,7 kilometer strekningen fra Skaret, vest for Sollihøgda, til Høgkastet, en drøy kilometer sør for Sundvollen, utvides fra to til fire felt. Planlagt oppstart bygging 2022.

E16 Høgkastet – Hønefoss

E16 mellom Høgkastet og Hønefoss er ein del av Fellesprosjektet Ringeriksbanen/E16 i regi av Bane NOR.

E16 Nymoen - Eggemoen - Olum

Strekninga Nymoen – Olum inngår i ein ytre ring rundt Oslo og strekninga fungerer både som lokalveg og hovudvegsamband mellom Gardermoen/Hadeland/Gjøvik/Buskerud/Hallingdal.

E16 Nymoen–Eggemoen–Olum er delt inn i to delstrekningar: Nymoen–Eggemoen og Eggemoen–Olum. Ny E16 mellom Eggemoen og Olum vil opne for trafikk i 2022.

For E16 Nymoen-Eggemoen er det ikkje avklart anleggsstart.

2.3 Jernbane, Bergensbanen

Det viktigaste enkelttiltaket for Bergensbanen og Hallingdal er Ringeriksbanen.

Forkortinga av Bergensbanen vil gje Bergensbanen ei heilt nødvendig modernisering. Dette er eit viktig tiltak for Ringeriksregionen og som aust-vest samband Oslo-Bergen. Men i like stor grad vil innkortinga av Bergensbanen ha enormt mykje å seia for Hallingdal, som den største reiselivsregionen i landet. I tillegg vil Ringeriksbanen ”føre” Hallingdal nærare sentralt austlandsområde, noko som er viktig både i forhold til arbeidsmarknad og rekruttering. Med planlagde utbyggingar vil reisetida Oslo – Gol bli ca. 1 time og 50 min. Berre dette vil vera ein jernbanerevolusjon.

Me er inne i ei skjebnetid for godstransport på jernbane. For å nå heilt nødvendige klimamål er det viktig at jernbana tar veksten i godstransport på strekninga. Realiteten i dag er dessverre

annleis. Godstransporten har kapasitetsutfordringar både på strekninga – med for få lange kryssningsspor – og på terminalane. Det er avgjerande at naudsynte tiltak blir gjennomført, for auka godstransport med Bergensbanen, mellom Oslo – Bergen.

3. INNSPEL

Regionrådet for Hallingdal gjev fylgjande innspel til Viken fylkeskommune i høve til Nasjonal Transportplan 2022 – 2033:

Ringeriksbanen/E16

Regionrådet for Hallingdal forventar at fellesprosjektet E16 og Ringeriksbanen blir gjennomført med byggestart i gjeldande NTP periode. Prosjektet er derfor ikkje teke med i forhold til prioriteringar.

Det har sidan 2013 skjedd eit kvantesprang i planlegginga av fellesprosjektet Ringeriksbanen og ny E16 Høgkaset – Hønefoss. Byggestart har vore «justert» frå 2019 til 2021 til 2021/2022. Der det frå regjeringshald er gjeve klare lovnadar mange gonger, utan atterhald, om at Ringeriksbanen/ E16 skal realiserast med byggestart 2021/2022.

Parallelt med denne omfattande statlege satsinga, har både kommunar og næringsliv langs Bergensbanen planlagt og lagt til rette for heilt nødvendig utvikling, med utgangspunkt i den største samferdselsinvesteringa som skal gjerast sidan Bergensbanen vart bygd. Det er investert fleire milliardar kroner og det er skapt enorme forventningar.

For fleire av regionane langs Bergensbanen vil realisering av Ringeriksbanen og ny E16 Høgkaset – Hønefoss vera avgjerande for vidare vekst.

Nokre hovudpunkt:

- Bidra til å skapa ein heilt ny bu- og arbeidsmarknadsregion vel 30 minutt frå Oslo, som vil avlaste framtidig press på hovudstadsområde.
- Binde Austlandet og Vestlandet nærare kvarandre med ei redusert reisetid på ein time.
- Bidra til betydeleg samfunnsmessig verdiskaping på heile strekninga Oslo-Bergen, spesielt i Ringeriksregionen og Hallingdal, men også på Voss og i Bergensområdet/ Vestland.
- Bidra til at tog blir eit reelt og kraftfullt samferdselstilbod til den største reiselivsregionen i landet, Hallingdal.
- Bidra til å gjera tog mye meir konkurransedyktig i forhold til fly mellom Oslo og Bergen, og med det ei mykje meir miljø- og klimavennleg løysing.

Når det gjeld innspel i prioritert rekkefølge er utgangspunktet Hallingdal og Viken, men samstundes er Hallingdal ein transportkorridor for veg og jernbane, mellom aust og vest. Dette gjer at det må evnast å sjå på tiltak Viken – Vestland i ein noko overordna samanheng. Døme på dette vil vera utvikling av Bergensbanen og vegane Rv7 og Rv52 med sine fjellovergangar.

Innspel i prioritert rekkefølge

1. Vegpakke Hallingdal (Ørgenvika – Gol), ref. pkt. 2.2.2

Regionrådet for Hallingdal ber om at Vegpakke Hallingdal blir vurdert som eit delvis bompengefinansiert prosjekt. Nye vegstrekningar på Rv7 Hønefoss – Gol må byggjast ut etter dimensjoneringsklasse H5, nasjonale hovudvegar, ÅDT 6000 – 12000 og fartsgrense 90 km/t. Det vil vera ei svært kortsiktig tilnærming, dersom framkomelegheit ikkje blir vektlagt i større grad, i vidare utvikling av Rv7.

2. Rv52. strekninga mellom Gol og Robru har svært dårleg standard og er ein flaskehals. Det er nødvendig å bygge ny veg på denne strekninga både av omsyn til vegstandard og framføring, og av omsyn til utvikling av Gol sentrum. Løysinga må sjåast i samanheng med ny veg på Rv7 strekninga Svenkerud- Gol.
3. Fjellovergane aust – vest (Rv7 og Rv52) har stor betydning for alle typar transport mellom Austlandet og Vestlandet, og er avgjerande for Hallingdal. Eit vintersikkert vegsamband har stor betydning for reiseliv, øvrig næringsliv og busetting. Ut frå Stortinget sitt vedtak med Rv7 som hovudveg aust - vest, kan det ikkje vera tvil om at regulariteten Rv7 Hardangervidda må betrast vesentleg, og at dette er eit arbeid som bør startast snarast råd. Regionrådet for Hallingdal forventar at KS1 no blir slutført, og at ein kjem i gang med arbeidet for å sikre Rv7 som eit hovudvegsamband med god vinterregularitet.
4. Rv 52 går i dag gjennom Trøim sentrum. Rv 52 har ein svært høg del tungtransport, nærare 30% eller om lag 400 køyretøy pr. døgn. Ein høg andel tungtransport i periodar av døgnet, med eit sentrum med svært stor reiselivsaktivitet, er ei svært dårleg blanding. Både i forhold til fastbuande, trafikktryggleik, miljø og reiselivsnæringa er det heilt nødvendig at Rv52 blir lagt utanom Trøim sentrum, noko det og føreligg planar for og det er bandlagt areal.

Langsiktig satsingsområder, transportkorridor

Hallingdal kunne sjølvstendig ta til orde for at den mest naturlege transportkorridoren mellom aust og vest, som i dag går gjennom Hallingdal, må prioriterast framfor andre vegar. Både ut frå at Bergensbanen går gjennom Hallingdal, der det ligg inne konkret tiltak som på sikt vil redusere reisetida Oslo – Bergen til i overkant 4 timar, og bli eit reelt alternativ til fly. Og Rv7 og Rv52 er dei raskaste og mest brukte vegane mellom aust og vest. I tillegg ligg det eit stort utviklingspotensiale for desse vegane, ikkje mist sett i lys av utvikling av E16 Sandvika – Hønefoss og E16 Voss mot Bergen.

Det har dei siste 10-åra vore gjennomført eit uttall av utgreiingar i forhold til aust –vest samband. Det siste store arbeide skjedde i perioden 2014 -2016. Ut frå omfattande prosessar kom Regjering og Storting m.a. fram til at både Rv7 og Rv52 skal vera hovudvegar aust – vest, men med ei funksjonsfordeling. Regionrådet for Hallingdal støttar denne funksjonsfordelinga som både tek omsyn til ulike geografiske område, gode vegsamband mellom Austland og Vestlandet og mellom Oslo og Bergen. I tillegg vil utviklinga av Bergensbanen med reisetid ned mot 4 timar føre til at Bergensbanen får ein renessanse. Regionrådet for Hallingdal oppmodar Viken fylkeskommune til å halde fast ved dei føringar som vart lagt i samband med handsaming av NTP 2018 – 2029.

Eit hjartesukk

Mykje av vegpolitikken i Norge er på mange måtar lite forutsigbar, noko som gjer at det heile tida blir arbeidd for nye løysingar, og det blir stadige omkampar. Det kan verke som ein evig runddans, revidering av NTP kvart 4.år er eit klart uttrykk for dette. Så snart ein plan er vedteken startar arbeidet med ny plan, ein heilt meningslaus måte å drive overordna planarbeid på. Dette gjer at kommunar og regionar stadig blir sett opp mot kvarandre, det er ein heilt unødvendig ressursbruk og stadige omkampar svekkar godt samarbeid mellom naboar. Det er utan tvil eit statleg ansvar at vegpolitikken i Norge blir mykje meir forutsigbar, slik at ressursar kan nyttast til noko anna enn stadige omkampar og utmattande prosessar.

Ål 15.2.2020
Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg

1. Brev frå Buskerud fylkeskommune, dat. 16.12.2019
2. Brev frå SD 21.11.2019; NTP 2022-2033, Invitasjon til å komme med innspill om prioriteringer på transportområdet
3. Viken fellesnemda 02.05.2019, Nasjonal Transportplan 2022-2033: Innspill på hovedutfordringer på transportområdet
4. ÅDT E6 Otta sør og Rv7 Flå sør



Se adresseliste

Vår dato: 16.12.2019
Deres dato:

Vår referanse: 2019/8505-3
Deres referanse:

Vår saksbehandler:
Guro Helene Bakke Eker, tlf. 94 13 42 12

Invitasjon til å komme med innspill om prioriteringer på transportområdet

Fylkeskommunene er invitert til å gi innspill til samferdselsdepartementet (SD) om prioritering i NTP 2022-31. Viken fylkeskommune inviterer kommunene og regionale aktører til å komme med synspunkter på hva det er viktigst å legge vekt på i NTP 2022-2033.

I mai 2019 ga Viken fellesnemda innspill til samferdselsdepartementet på de største utfordringene i Viken (se vedlegg).

Samferdselsdepartementet vil utarbeide en mer strategisk og overordnet Nasjonal transportplan, der det legges vekt på samfunnsøkonomisk lønnsomhet og måloppnåelse. Det vil være viktig å sørge for fleksibilitet slik at planleggingen kan tilpasses samfunnsmessige endringer og teknologisk utvikling. I en overordnet og langsiktig planlegging legges det til grunn at de viktigste utfordringene håndteres først. For de siste seks årene i planperioden ønsker derfor samferdselsdepartementet ikke innspill på konkrete prosjekter og tiltak. Samferdselsdepartementet har varslet at de kommer til å være mer tilbakeholdne enn tidligere med å bestemme konkret tiltak som ligger langt fram i tid. Det er her ønskelig med innspill på langsiktige satsingsområder framfor en liste av utbyggingsprosjekter.

I første seksårsperiode ber departementet fortsatt om prioriteringer på konkrete prosjekter og tiltak, samtidig som at planen også for denne perioden løftes til et mer strategisk og overordnet nivå. Det er svært mange prosjekter som allerede ligger inne i NTP 2018-29. Det er derfor lite handlingsrom for nye tiltak de kommende 10 årene, med mindre prosjekter løftes ut for å gi plass til nye løsninger.

Viken fylkeskommune ønsker begrunnede innspill på statlig transportløsninger som kan bidra til fylkeskommunens og kommunenes felles innsats for å:

- Fremme en miljø- og klimavennlig utvikling med lavt forbruk av ressurser

- Ivareta bosetting, næringsutvikling og bærekraftige distrikter
- Realisere målsettinger om by- og tettstedsutvikling med reduserte behov for transport

Basert på de største utfordringene i Viken inviteres kommuner og regionale aktører til å komme med forslag til prioritering av følgende:

1) Konkrete prosjekter, tiltak og satsingsområder de første 6 årene i perioden hvor:

- Forslag til løsninger blir fremstilt i prioritert rekkefølge.
- Løsningene er knyttet til de identifiserte utfordringene i Viken (se vedlegg).
Sammenhengen mellom utfordringer og forslag til løsninger er godt beskrevet.
- Kommunen beskriver i hvilken utstrekning de selv prioriterer å gjennomføre løsninger på områder hvor de selv har et ansvar, og som støtter opp under forslag til statlige løsninger.

2) Langsiktige satsingsområder for Viken:

- a) Forslag til langsiktig satsingsområder på de frem transportkorridorene som berøre Viken.
- b) En høy andel av trafikken på riksveier og jernbaner i Viken er lokaltrafikk som også en del av det samlet transportsystem rundt Oslo. Fylkeskommunen ønsker innspill på langsiktig utvikling av helheten i transportsystemet gjennom Viken.

Hver av kommunene i Viken kan gi egne innspill, men det er en fordel om kommunene samordner sine innspill i regioner, helt eller delvis.

Kommunene oppfordres til å involvere lokalt næringsliv i sine prosesser.

Innspill sendes fortløpende og senes til post@viken.no **2.mars 2020**

Med vennlig hilsen

Guro Helene Bakke Eker
saksbehandler

Dokumentet er godkjent elektronisk og sendes uten signatur

*Hvis du ønsker å svare elektronisk: www.bfk.no/edialog (kan også benyttes til sensitive opplysninger).
Eventuelt www.bfk.no – under kontakt oss.*

Vedlegg:

- 1 Innspill på hovedutfordringer på transportområdet (ettersendt sak)
- 2 Brev fra samferdselsdepartementet til fylkene
- 3 Adresseliste



Ifølge liste

Deres ref

Vår ref

Dato

19/91-49

21. november 2019

NTP 2022-2033: Invitasjon til å komme med innspill om prioriteringer på transportområdet

Det er i arbeidet med Nasjonal transportplan (NTP) 2022-2033 lagt opp til at fylkeskommuner, de fire største byene og Sametinget inviteres til å gi innspill til prioriteringer med utgangspunkt i bl.a. de identifiserte utfordringene.

Hensikten med dette brevet er å invitere fylkeskommunene, de største bykommunene, Sametinget og KS til å fremme sine forslag til prioriterte løsninger for å håndtere utfordringene på transportområdet de kommende årene.

Bakgrunn

Samferdselsdepartementet viser til vårt brev av 11. januar i år til fylkeskommunene, de største bykommunene, Sametinget og KS. Brevet beskriver en ny modell for prosess og organisering av arbeidet med Nasjonal transportplan 2022-2033. Av brevet fremgår det at departementet vil invitere fylkeskommunene, de største bykommunene og Sametinget til å komme med egne innspill i flere omganger.

Regjeringen har satset betydelig over hele landet på samferdselsområdet de senere årene. For å skape gode bo- og arbeidsmarkedsregioner og å øke næringslivets konkurranseevne gjenstår det likevel utfordringer som må løses og behov som må dekkes. Regjeringen har en nullvisjon for drepte og hardt skadde, og transportsektoren skal bidra til oppfyllelse til Norges klima- og miljømål. Samtidig erfarer vi at store kostnadsøkninger i prosjektene som ligger i innværende NTP gjør det krevende å få realisert alle planlagte tiltak. Parallelt med en krevende kostnadsutvikling vil det statsfinansielle handlingsrommet ventelig bli mindre i årene fremover. Dette gjør det nødvendig å tenke nytt om både hvordan vi prioriterer prosjekter som tas inn i Nasjonal transportplan, og hvordan vi prioriterer og optimaliserer

Postadresse
Postboks 8010 Dep
0030 Oslo
postmottak@sd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.sd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 904

Avdeling
Avdeling for styring,
administrasjon og
samfunnssikkerhet

Saksbehandler
Jan Fredrik Lund

prosjekter som har blitt en del av planen. Denne omleggingen krever felles innsats fra mange aktører, og vilje til å prioritere slik at vi får mest mulig igjen for de midlene staten bruker på transport. Den raske teknologiske utviklingen vil få betydning for hvilke transportløsninger som bør velges og åpner for nye muligheter for en mer kostnadseffektiv transportpolitikk.

Samferdselsdepartementet vil utforme neste nasjonale transportplan slik at den møter utfordringene og omstillingene vi står overfor fremover. Et første trinn i arbeidet med den nye transportplanen har vært å få kartlagt utfordringene på transportområdet.

